



Jobbnorge-ID: 83925

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Postdoktor i informasjonsvitenskap

Ved Institutt for informasjons- og medievitenskap, Universitetet i Bergen, er det ledig ei stilling som postdoktor for fire år i informasjonsvitenskap. 25 % av samla tilsetningstid er arbeidsplikt som skal utførast ved instituttet.

Instituttet har følgjande forskingsgrupper innan informasjonsvitenskap:

- Forskingsgruppa for *semantiske og sosiale informasjonssystem* studerer informasjonssystem som er basert på semantiske og/eller sosiale teknologiar.
- Forskingsgruppa for *interaksjonsforskning* fokuserer på interaksjon og praksis i teknologirike omgjevnader, inkludert interaksjon mellom informasjonssystem og brukarar, interaksjonsdesign, teknologimediert interaksjon og distribuert samarbeid.
- Forskingsgruppa for *logikk, informasjon og interaksjon* studerer formell logikk og formelle modeller av informasjon og interaksjon, spesielt innan kunstig intelligens, multiagent-system og resonnering i sosiale system.

Stillinga er knytt til ei av desse forskingsgruppene.

Meir informasjon om instituttets forskingsaktivitetar og utdanningstilbod finn du på www.uib.no/infomedia.

Kvalifikasjonskrav

- Doktorgrad i informasjonsvitenskap, eller tilsvarende utdanning. Avhandlinga må vere levert til bedømming innan søknadsfristens utløp. Det er ein føresetnad at avhandlinga er godkjent før tilsetjing kan skje.

Ved vurdering av søkjarane vil det særleg bli lagt vekt på følgjande:

- Vitskaplege kvalifikasjonar
- Vitskapleg tyngde og originalitet i det planlagde prosjektet
- Verdier av prosjektet som ledd i kvalifisering til toppstilling

Aktuelle kandidatar kan bli innkalla til intervju og bedne om å halde prøveforelesning over oppgitt emne.

Om stillinga

Postdoktorstillinga er ei åremålsstilling og har som hovudmål å kvalifisere den som vert tilsett for arbeid i faglege toppstillingar. Ingen kan tilsettas i meir enn ein åremålsperiode ved same institusjon.

Ei kortfatta beskriving (10s) av eit forskingsprosjekt innan eit av dei nemnde forskingsområdene skal leggjast ved søknaden. Prosjektskildringa skal beskrive tema, problemstillingar, relasjon til det aktuelle forskingsfeltet, samt val av teori og metode. Prosjektskildringa skal også innehalda ein framdriftsplan for dei ulike delane av forskingsarbeidet, og gjere greie for eventuelt samarbeid med andre forskarar ved instituttet og/eller andre nasjonale eller internasjonale samarbeid.

Undervisningsspråket er norsk og engelsk.

Vi kan tilby

- Godt fagleg og sosialt miljø med høg kvalitet på forskning
- Løn etter lønssteg 57 i det statlege regulativ ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer på grunnlag av tenesteansiennitet (kode 1352/LR24). For spesielt godt kvalifiserte søkjarar kan høgare løn vurderast
- Gode trenings- og velferdstilbod
- Gode pensjons- og forsikringsordningar i Statens pensjonskasse

Søknad

Søknad skal sendast elektronisk via link på denne sida "Søk på jobben".
Følgjande dokument må leggjast ved den elektroniske søknaden:

- CV
- Prosjektskildring
- Kopi av vitnemål og attestar
- Liste over vitskaplege arbeid

Inntil fem vitskaplege arbeider sendast i posten i tre eksemplar til Det samfunnsvitskaplege fakultet, Postboks 7802, 5020 Bergen.

Søknaden skal merkast: **2012/4644**.

Søknadsfrist er **20. august 2012**.

Søknader som vert sendt på e-post vil ikkje verte vurderte.

Til informasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiari, professor Leif Ove Larsen, tlf. 55 58 41 16, e-post: leif.larsen@infomedia.uib.no.

Vi ber søkerane nøye følge retningslinene for søkerar til mellomstillingar ved Det samfunnsvitskaplege fakultet. Dette dokumentet kan ein få ved å vende seg til post@svfa.uib.no.

Praktiske spørsmål kring søknadsprosessen kan rettast til seniorkonsulent Bodil Hægland, tlf. 55 58 90 53, e-post: bodil.hagland@svfa.uib.no.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkeren kan bli gjort offentlege sjølv om søkeren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følge, skal søkeren varslast om dette.

Universitetet i Bergen nyttar prinsippet om meir offentlig innsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: